



BREMANGER KOMMUNE

Sakspapir

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr.	Sakshands.
Formannskapet	10.04.2014	042/14	MM

Avgjerd av: Saksansv.: Magnhild Myklebust	Arkiv: K2-S10	Arkivsaknr.: 12/1747
--	-------------------------	--------------------------------

Høyringsuttale til konsesjonssøknad for utbygging av Bredvatn kraftverk i Ålfoten

Vedlegg :

Dok.nr 83755	Tittel på vedlegg Utbyggingsplan Bredvatn kraftverk - kart
-----------------	---

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Vassressurslova
Vassdragsreguleringslova
Kommuneplan for Bremanger, arealdelen, vedteken 27.04.04.

Kva saka gjeld:

NVE har sendt på høyring søknad frå SFE Produksjon AS om utbygging av Bredvatn kraftverk i Ålfoten, og kommunen har frist til 11.04.14 til å komme med uttale.

Bakgrunn for saka:

Formannskapet handsama melding og framlegg til utgreiingsprogram for Bredvatn kraftverk 16.08.12, sak 134/12, og hadde då ingen merknad til meldinga eller framlegget til utgreiingsprogram for bygging av kraftverket. NVE har no sendt konsesjonssøknaden med konsekvensutgreiing til høyring, og kommunen skal komme med synspunkt på dei framlagde planane og eventuelle alternativ/avgrensingar og framlegg til avbøtande tiltak. Kommunen skal også gje tilbakemelding på om utgreiingane gjev nok kunnskap om konsekvensane av tiltaket. NVE forventar at kommunen omtalar tilhøvet til kommuneplaner, og gjev ei oversiktleg framstilling av tilhøvet mellom dei omsøkte planane og lokale interesser.

Saksutgreiing:

SFE søker om konsesjon for utbygging av Bredvatn kraftverk, med årleg produksjon på 275 Gwh eller 291 Gwh avhenging av kvar inntaket vert plassert. Prosjektet vil vere ei opprusting og utviding av Åskora 1 kraftverk. Søknaden inneheld konsekvensutgreiing med fagrapportar for landskap, naturmiljø, friluftsliv og reiseliv, landbruk og naturressursar, nærings- og samfunnsinteresser og forureining.

Det nye kraftverket vil utnytte ei fallhøgde på opptil 145 m som no ikkje er direkte nytta til kraftproduksjon, men ta driftsvatn frå dagens Åskora 1 kraftverk (50-60 % av produksjonen). Inntaksmagasinet til Åskora 1 ligg i Store Åskorsvatn, og det er no søkt om å regulere Øvre eller Nedre Bredvatn som ligg oppstraums Store Åskorvatn. Det er konsesjonssøkt to alternative inntak, Øvre Bredvatn som SFE føretrekkjer og som vil gje ny årsproduksjon på 67 Gwh, og Nedre Bredvatn som vil gje ny produksjon på 59 Gwh årleg. Bortsett frå ulike inntaksmagasin og dermed ulik lengde på vassveg og mengde tippmassar vil dei to alternativa stort sett vere like. For begge alternativa vil inntaksmagasinet bli regulert ca 10 m, vatnet vil gå i tunnel/sjakt ned til ein kraftstasjon i fjell nær dagens Åskora kraftverk (nær kote 0) og med ny avlaupstunnel til fjorden. Eksisterande tilkomsttunnel til Åskora 1 skal nyttast for tilkomst.

Etablering av tunnel og kraftstasjon i fjell vil medføre at det blir produsert frå 240 000 m³ – 1 290 000 m³ tunnelmasse, avhengig av kva inntaksalternativ som vert valt. Det er skissert to alternativ for deponi fordelt på 3 deponiområde. Alternativ 1 er basert på at alle massane vert deponert i fjorden som utviding av eksisterande tippar i fjorden. Alternativ 2 er å deponere om lag 50 000 m³ av massane på land sør for Førde (Øyra) for seinare bruk til samfunnsnyttige formål.

SFE konkluderer med at konsekvensane for kraftverket generelt er små for dei fleste fagtema som er utgreidd, med unntak av konsekvensen for landskap som er vurdert som svært negativt for alle alternativ. Tiltaket er planlagt i eit svært særeige fjellfoldelandskap, og vil medføre inngrep i eit område som framstår som inngrepsfritt. Avbøtande tiltak kan vere å gjere anleggstekniske tilpassingar for å minimalisere inngrepa, at inntaksmagasinet vert halde høgt om sommaren for å unngå skjemmaende reguleringssone og slepp av minstevassføring for å oppretthalde noko av vassstrengen sin dynamikk. Det er ikkje lagt opp til slepp av minstevassføring eller høg vasspegel om sommaren i søknaden. SFE påpeikar at vassstrengen som skal nyttast allereie er kraftig utnytta og påverka både av overføringar og reguleringar, og at det er mange tekniske inngrep frå tidlegare vasskraftutbyggingar i området. At landskapet likevel vert vurdert som inngrepsfritt meiner SFE beviser at fjellandskapet i området har stor evne til å absorbere denne typen inngrep. Dei viser også til at området er utilgjengeleg, med svært lite ferdsel i den korte barmarksesongen.

Kommunen har fått oversendt innkomne høyringsuttalar frå NVE.

Norges Miljøvernforbund krev i sin høyringsuttale, datert 01.03.14, avslag på konsesjonssøknaden, då Norge har kraftoverskot og gjenverande natur difor bør bevarast slik den er. Etter deira syn er kvaliteten på utført konsekvensutgreiing dårleg. Miljøvernforbundet påpeikar også at utbygging vil auke behovet for kraftlinjer, og medføre endå fleire unødvendige inngrep.

Telenor har ingen merknader til kraftutbygginga, men påpeikar at anleggsverksemda ved rigg- og tippområde vil kunne komme i konflikt med deira kabelnett.

Førde grunneigarlag har ikkje merknader til utbygginga av Bredvatn kraftverk så lenge tilleggsavtale mellom SFE og grunneigarane, som sikrar grunneigarane økonomisk vederlag, vert godkjent av SFE. Grunneigarlaget protesterer mot foreslått alternativ for massedeponi på Øyra, då dette er nær innmarka og tuna på garden, og vil bli visuelt skjemmaende. Området er viktig vårbeite for husdyra på garden, og inneheld også store sandressursar som vil bli bandlagt. Dei påpeikar også at eit eventuelt knuseverk vil medføre støy og støvplager for folket i Førde, og at vidaresal av massane medfører vesentleg lastebiltransport og trafikkauke. Grunneigarlaget meiner massedeponiet bør leggst så nær kaia i Åskora som mulig for utskiping med båt, og dei foreslår alternativ plassering på sørsida av Førdepollen mellom veg som er under bygging og uthogd trase for 132 kV-linja frå Åskora.

Sidan det er gjeve ei generell utsetjing på høyringsfristen har ikkje NVE førebels ikkje motteke fleire merknader. Fylkesmannen sin uttale er offentleggjort på heimesida.

Fylkesmannen rår i sin uttale sterkt i frå søknaden om regulering av Bredvatna på grunn av konfliktar med landskap, friluftsliv og naturmiljø.

Bakgrunnen for Fylkesmannen si fråråding er at Bredvatn kraftverk vil medføre store inngrep i eit verdfullt og inntrykksfullt natur-område. Kraftverket er planlagt med uvanleg høg slukevne, utan krav til minstevass-føring, og utan restriksjonar på manøvreringsreglementet. Konesjonssøknaden er etter Fylkesmannen si vurdering ikkje i tråd med vanleg miljøtilpassing for vasskraftutbygging i dag, og utbygginga vil råke nasjonale landskaps- og friluftsiinteresser.

Fylkesmannen meiner at det bør utgreiast andre alternativ for å oppgradere Åskåra kraftverk utan å ta i bruk Bredvatna som magasin. Dette bør vurderast i samanheng med revisjon av eksisterande konsesjon, noko som er planlagt innan 2022.

Vurdering:

Tiltaksområdet ligg rett nord for Ålfotbreen og Ålfoten landskapsverneområde. Området er allereie påverka av vasskraftutbygging gjennom Åskåra kraftverk som Bredvatn kraftverk vil bli ein integrert del av. Det går veg langs fjorden, og fleire kraftleidningar kryssar fjorden i området. Det går også kraftleidning fra utanlegget i Åskåra opp til dammen ved Store Åskorsvatn og og ei leidning sørvestover mot Blåbredvatnet.

Største del av tiltaksområdet er i kommuneplanen sin arealdel avsett til Landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område). Rundt Øvre og Nedre Bredvatn er dette hovudsakleg LNF-område der friluftsliv er dominerande. Området vest for taubanestasjonen som også er aktuelt som deponi/mellomlager for tunnelmassar har føremål LNF-område.

Konsekvensane for dei utgreidde fagtema er i hovudsak små, men helikoptertrafikk i anleggsperioden vil medføre store negative konsekvensar for friluftsliv/reiseliv og fleire av dei andre fagtema. Val av inntaksalternativ 1 for Øvre Bredvatn medfører større synlegheit og meir overskotsmasse, men vil redusere inngrepsbehovet rundt inntaket og behovet for helikoptertrafikk, då tunnelen kan fungere som tilkomst til inntaksområdet.

Tiltaket er vurdert til å ha stor negativ konsekvens for landskapet i fjellområda for alle alternativ, og endrar landskapet sin karakter av å vere urørt og fritt for tekniske inngrep. Med reguleringshøgde på 10 m og dam-/terskelhøgde på 1-5 m er inngrepa likevel små i høve til t.d reguleringa av Store Åskorvatnet. Vatna er lite synleg frå turstiar i landskapsvernområdet, og det er generelt lite ferdsel i området. Nedre Bredvatn vil i større grad enn alternativa ved Øvre Bredvatn endre landskapet sin karakter, då dette ligg på ei opa fjellhille. Vasstrengen mellom Øvre og Nedre Bredvatn er mindre synleg enn vasstrengen mellom Nedre Bredvatn og Store Åskorvatn, og restfelt vil kunne gje vassføring til fossane mellom Nedre Bredvatn og Store Åskorvatn. Sidan utbygging av Øvre Bredvatn også gjev mest ny produksjon, vurderer ein dette alternativet til å vere det beste.

Fylkesmannen påpeikar i sin uttale at dumping av tunnelmasse i fjorden berre bør vere aktuelt dersom det ikkje er mogleg å finne alternative løysingar på land. Sjølv om det for tida ikkje er behov for steinmassar i området, vil massane kunne nyttast på sikt, t.d ved opprusting av den kommunale vegen i Ålfoten der store strekningar har dårleg standard. Kommunen er difor samd i at minimum 50 000 m³ bør lagrast i eit mellombels deponi, der dei er tilgjengelege for seinare bruk. Av uttalen til Førde grunneigarlag går det fram at omsøkt mellomlager er konfliktfylt, og det bør difor vurderast andre alternativ. Plassering av mellomlager kan avklarast gjennom detaljplan for prosjektet, og blir då avklara med kommunen. Ved utviding av dei eksisterande tippene bør massane brukast slik at det t.d kan tilretteleggast for parkeringsareal ved utgangspunktet for turløypa til Ålfotbreen og eventuelt andre allmennnyttige føremål.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Bremanger kommune er positive til konsesjonssøknaden for Brevatn kraftverk, og støttar SFE sitt syn på at alternativet med utbygging av Øvre Bredvatn og overføring av vatnet gjennom tunnel (inntakalternativ 1) vil vere den beste løysinga, både av omsyn til ny produksjon og av omsyn til den visuelle påverknaden på landskapet.

Tunnelmassane må sjåast på som ein ressurs, og ein del av massane bør mellomlagrast for seinare bruk til samfunnsnyttige føremål, tilsvarande deponialternativ 2, men med ei mindre konfliktfylt lokalisering av masselageret. Som avbøtande tiltak ynskjer kommunen at ein del av massane vert nytta til opparbeiding av parkeringsplass i tilknytning til turløypa til landskapsvernområdet for å tilrettelegge i høve til friluftsliv.

.....

10.04.2014 Formannskapet

Karl Vidar Førde gjekk frå som ugild.
Nina Grotle gjekk inn som setteordførar.

FSK-042/14 Vedtak:

Bremanger kommune er positive til konsesjonssøknaden for Brevatn kraftverk, og støttar SFE sitt syn på at alternativet med utbygging av Øvre Bredvatn og overføring av vatnet gjennom tunnel (inntakalternativ 1) vil vere den beste løysinga, både av omsyn til ny produksjon og av omsyn til den visuelle påverknaden på landskapet.

Tunnelmassane må sjåast på som ein ressurs, og ein del av massane bør mellomlagrast for seinare bruk til samfunnsnyttige føremål, tilsvarande deponialternativ 2, men med ei mindre konfliktfylt lokalisering av masselageret. Som avbøtande tiltak ynskjer kommunen at ein del av massane vert nytta til opparbeiding av parkeringsplass i tilknytning til turløypa til landskapsvernområdet for å tilrettelegge i høve til friluftsliv. I tillegg ynskjer ein at tunnelmassar blir nytta til å utbetre kommunal veg gjennom Ålfoten.

.....